



Dei tyske turistane har i mange år vore ein solid basis for Rabben Feriesenter og slik er det framleis. Ein av dei trygge grunnpillarene som ikkje sviktar men som stadig legg på seg er familiene Brømel og Dittner. No er dei på plass med 10 medlemmer fordelt på 3 hytter. Nokre av dei skal vera her i 2 1/2 veke, resten i 3 1/2 veke.

Det starta for 8 år sidan med familien til Ingo Brømel. 6 år sidan hadde familiegruppa som skulle på ferie i Noreg lagt på seg og i år har den vakse ytterlegare.

3 av dei 10 er sysken og familien kjem i utgangspunktet frå knivbyen Solingen ikkje langt frå Köln. Men no har nokre flytta til Muck som også ligg nær Köln og andre har flytta til Muggensturm ikkje langt frå Stuttgart sør i Tyskland. 'Pionerane' i familien budde i telt fyrste gongen dei ferierte på Rabben.

Og kva var det så som gjorde at dei kom og at det har vorte stadig fleire Rabben-fans i familien?

Dei peikar på fisket i fjorden fyrst når uskedalen.no ber dei om å settja opp ei liste. Og ivrige fiskarar må dei vera for lista over bestenoteringar er imponerande og slik for dei ymse fiskeslaga: Kveite 12 kilo (3 dagar sidan), laks 7,5 kilo (fanga i Matre), torsk 11,5 kilo, steinbit 8 kilo, sei 7 kilo Tyskarane fryser all fisken og tek han med heim, der dei også er generøse mot naboar..

På andreplassen på lista til familiene kjem vandringar i naturen, men ikkje høgt til fjells og på tredjeplassen naturen generelt. . Det er også viktig for familien at ungane trivs og har moglegheiter for å aktivisera seg. Og dei kan ikkje finna ein einaste

kritikkverdig ting å setja fingaren på.

- Det har vore klaga over dårleg internett-tilgong...
- Vi har ikkje og treng heller ikkje internett!

Over er dei 10, der alle med unntak av Emily og Thomas heiter Brømel.
Emily og Thomas heiter Dittner. Foran sit frå venstre Luke, Franziska, Emily og Lara.
Bak står frå venstre Torsten, Petra, Stefanie, Ingo, Antje og Thomas

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen